

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** fredag 13. september 2019 14.26  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Håkon Zakariassen; Christel Villanger Håland; Jarle Landås  
**Emne:** Fløholmen småbåthamn  
**Vedlegg:** Byggesak gbnr 2712 Kvalheim øvreFløholmen - småbåthamn - planstatus etter ny kommuneplan (313082).pdf

Kommunens brev av 11. 09. 2019, ref. 18/1814 – 19/13007 (vedlagt til kopiadressatar).

Brevet reiser fleire spørsmål :

### **Delegasjon**

Kommunen skriv at «...adm. .... har delegert mynde i **ordinære** byggjesaker..... det har **difor** ikkje vore aktuelt å fremje rammesøknad ....for politisk handsaming....Søknad....er avvist og **kan** ikkje handsamast...»

Eg vil be om å få tilsendt kommunens delegasjonsreglement.

### **Byggjegrænse**

Ei byggjegrænse avgrensar byggplassering. Lovverket anviser generelle byggjegrænser : 4 meter eller halve bygghøgda mot nabogrænse, varierende krav langs offentleg veg, og 100 meter mot strand. Dei generelle grænseane kan avvike i plan eller dispensasjon.

Kommunens oppteikning og omtale av byggjegrænse (**i sjø ??**) er i strid med generelle lovreglar, forskrifter og vanleg rettsopfatning.

Kan kommunen visa til heimel for avvikande oppfatningar og praksis ?

### **Kommuneplanen**


Den temareviderte kommuneplanen fokuserer spesielt på strandsoneproblematikk, rimelegvis av di tidlegare kommunale teoriar og praksis har hamna på viddene og skapt forvirring innan både administrasjon og politikk.

Eg oppfattar temarevisjonen som avklarande :

- I næringsområde grænsande mot sjø er byggjegrænse samanfallande med strandlina
- I småbåthamner er byggjegrænse (??) samanfallande med føremålsgrensa (dvs at heile området kan nyttast til føremålet)
- For Fløholmen er det formulert eiga føresegn om landaktivitet direkte relatert til småbåthamn.

Administrasjonens omtale av den temareviderte kommuneplanen framstår som misvisande, og utsnittet av plankartet er i strid med tilhøyrande planomtale og føresegner.

Eg vil be om å få tilsendt tilsvarande kartutsnitt av alle småbåthamnene i kommuneplanen :



### Fløholmen

Omsøkt flytebryggje er ei forlenging av den etablerte - i ly av Grønholmen - med båtopptrekk og transportveg til bygg og uteareal langs stranda vest for dei etablerte industribygningane. Eksisterande industrikai ved enden av fylkesvegen skal vera operativ, som i dag, dvs. at sjøarealet utafor må haldast ope - som tilflotsareal til kaien.

Den kommunale oppteikninga av byggjegranser over sjø og land speglar ei oppfatning av sjøområdet langs industritomta som **delbart** mellom flere «operatørar». Dette er ikkje tilfelle.

Frå grunneigarhald på Kvalheim har det vore hevda at «Grønholmen er felles for Kvalheim». Deler kommunen framleis denne oppfatninga ?

Mvh  
Siv. ing. Vidar Mjøs  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
mob 907 88 921